

Hordaland Sau og Geit

Referat styremøte 30.september 2011

Stad: Nortura Eidsvåg

Desse møtte: Nils Inge Hitland, Reidar Kallrstad, Olav Håvardsholm, Steinar Steine og Egil Øvstebø

Anita Jordalen hadde meldt forfall

Sak 52/11 Godkjenning av innkalling og referat frå 06.09.11.

Vedtak: Innkalling godkjent. Referat frå Styremøte 6. september var ikkje klart. Godkjenning utsatt

Sak 53/11 Høyringsuttale til NSG i samband med ny strategiplan for 2011-2019

Vedtak: Styret gjekk gjennom strategiplan for 2011 - 2019 med kommentarar som er sendt over til NSG

Sjå vedlegg

Sak 54/11 Samanslåing av Myrkdalen -og Vossestrand Sau og Geit

Vedlegg - Mail frå Arne Bystøl datert 06.09.11

Vedtak: HSG har ingen innvendingar i forhold til samanslåing av laga

Sak 55/11 Prosjekt: "Ny giv for sauehaldet i Hordaland..."

Vedtak: Reidar Kallestad tek kontakt med Fylkesmann for meir informasjon om kor saka ligg i dag.

HSG vil arbeide vider med at prosjektet kjem i gong.

Sak 56/11 Representantskapsmøte i NSG 19-20 oktober.

Vedtak: Leiar i HSG Nils Inge Hitland og sekretær Karluf Håkull møter.

Når program for samlinga ligg føre vil den bli kjent for Styret i HSG for innspel

Sak 57/11 Agro Hordaland, leiarmøte i HSG

Vedtak: Reidar Kallestad orienterte om program for Agro Hordaland.

Styret laga program for Leiarsamlinga i HSG

Leiar i NSG Ove Ommundsen, web sekretær NSG Arne Flatabø og Svanhild Aksnes frå Fylkesmannen er personar som skal delta.

Program er satt opp og blir sendt ut omgåande.

Styremedlemene i HSG tek kontakt med lokallaga for påmelding

Sak 58/11 Ymse

Saker under ymse:

- HSG og Avlsutvalet i Hordaland planlegger møter i Hordaland. Planen er at dei skal avhovdas i oktober. Karluf tek kontakt med Tor Atle Sørheim for og hjelpa til med praktise ting rundt møta
- Brev frå Lindås og Meland Sau og Geit angående veterinærhonnørar. Styret undersøke korleis prissettinga er i ander deler av Hordaland før Styret uttaler seg.